



Lektar-lyftet gjekk fint hos Eidsvik fredag. Her blir alt gjort klart for operasjonen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det skjer mykje viktig på Eidsvik Skipsbyggeri om dagen. Fredag vart lekterskroget som verksemda samarbeidar om med Bergen Group Intech på Sunde lyfta ut av den store hallen og over på ein annan lekte - for transport til Sunde.

Skroget veg 160 tonn og er 33 X 14 meter stort, men det var ikkje noko problem for den store Eideliften, som vart nytta. Den har ein kapasitet på 400 tonn.



Operasjonen er gjennomført!(Foto: Ola Matti Mathisen)

- Vi har hatt eit fint samarbeid med Bergen Group Intech om dette prosjektet, seier Svein Arne Eidsvik til uskedalen.no.



[Lekteren som skal bringa den andre lekteren til Sunde nærmar seg.](#) (Foto: Ola Matti Mathisen)

Arbeidet med skroget hos Eidsvik starta andre veka i februar og stort sett har verksemda hatt 10 mann på prosjektet. Neste fase blir mellom anna montering av ei ramme, dekkshus og styrehus, rør og elektroutstyr og det vil vera jobb for 10 mann utover hausten.

Lekteren skal leverast i oktober, opplyser Tom Jensen i Bergen Group Intech, som har hatt ansvaret for arbeidsleiinga.

Det er eit tysk firma som har bestilt lekteren og han skal nyttast til vedlikehald av oljeleidningar i libysk farvatn. Dette oppdraget var viktig for Eidsvik i overgangstida før den store supplybåten kom frå Tyrkia.

Det var naturleg nok ein viss spenning i lufta fredag då skroget skulle lyftast ut av hallen hos Eidsvik, men med røynd personell bak spakene gjekk det heile smertefritt.

Dei siste dagane har også båten Libas vore å sjå ved kai hos Eidsvik. Han er inne for rutinemessig vedlikehaldsarbeid.

Sundag kjem supplybåten attende etter eit opphald på Halsnøy der han har vore for montering av fem propellar, botnutstyr og anna.

No skal utrustningsarbeidet på supplybåten igong for fullt hos Eidsvik og dei har førebudd seg godt, mellom anna med etablering av 14 midlertidige kontorplassar og spisesal for 80, opparbeiding av ein stor parkeringsplass opp mot Børnesvegen og montering av ein rubbhall.

Arbeidet vil snart nå eit høgdepunkt og båten skal vera klar til jul.

Medan lekteren er eit prosjekt til rundt rekna 50 millionar er jobben med supplybåten eit prosjekt til 300 millionar!

Av Ola Matti Mathisen